

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	13.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamentar, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for helsefag ved Høgskolen Stord/Haugesund.
Prosess	To lunsjmøter i Haugesund og to lunsjmøter på Stord med rapporten som tema.
Innspel	
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Førsteutkast av rapporten er informativ. Innleiingsvis har prosjektgruppa nytta ei induktiv tilnærming for å presentere den faglige aktiviteten ved HVL (jf. delleveranse 1). Når det gjeld å svara på mandatområde 3-8 skriv prosjektgruppa at dei har nytta ei deduktiv tilnærming, og me meiner at rapporten dette området er uferdig.</p> <p>Områda som blir nemnde i rapporten er på ulike logiske nivå og bør samlas eller sjåas og forklarast i høve til kvarandre. Bruk av ulike omgrep er upresist, og det er heller ikkje gjort noko strategisk kopling til leiande dokument nasjonalt og internasjonalt. <i>Helse- og omsorg 21</i> er eit eksempel på eit slikt dokument. Det same er dei tre langsiktige forskingsprogramma innan helseforskning i NFR. NFR programma er inspirert av Helse- og omsorg 21-dokumentet, og har ein tidshorisont fram til 2024-25. NFR-programma fell såleis godt saman med den tidshorizonten prosjektrapporten skal omhandle.</p> <p>Me meiner at omgrepet omsorg bør få ein meir sentral plass i strategien, då me har SOF Vest og ein master innanfor omsorgsvitenskap. Masteren i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap vil kunne representere eit tverrvitenskapleg område på tvers av ulike fakultet.</p> <p>Fokus på individ og åtferd representerer ei avgrensa compliance-orientert tilnærming til helsepedagogisk verksemd, og kan assosierast med helseopplysing og ei biomedisinsk tenking der pasientar blir oppfatta som mottakarar av medisinske råd og anbefalingar. Den største helsepedagogiske utfordringa framover er å utvikle pedagogiske tilnærmingar som inkluderer at helse og sjukdom også er sosialt og strukturelt forankra. Det burde kome betre fram i rapporten.</p> <p>Bruk av omgrep av som <i>livsstilsending</i> og <i>pedagogiske utfordringar ved endring av livsstil (læring)</i> (jf. Pkt. 3 og 4 i prosjektrapporten) foreslår me at blir erstatta av omgrep som «Livsstil», «livsstilssjukdomar», «læring og helse», «helsepedagogisk verksemd», som vil vera meir brukande og tidsrette omgrep.</p>
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Tverrgående satsingsområde som inkluderer <i>Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremming</i> er relevante og interessante. Her blir det vist til aktuelle samanhengar mellom helse-sosial og idrettsfag. Me gir støtte til at profilområdet må ha sterk forankring i eksisterande helse- og sosialfag i HVL og utdanning, forskning og innovasjon knytt til desse. Samstundes er ikkje omtalen av profilområdet dekkande for den reelle fagsatsinga/kompetansemiljøa i dei fusjonerte høgskulane fram til i dag. Det er</p>

utfordrande å finne omgrep som både rammar inn dette, og viser retning når det gjeld satsingsområda i HVL. Me meiner at folkehelse er ein tydeleg fellesnemnar for dette profilområdet jf. Meld st. 19, 2014-2015:

«Folkehelsearbeid handler både om å fremme livskvalitet og trivsel, gjennom deltakelse i sosialt fellesskap som gir tilhørighet og opplevelse av mestring, og om å redusere risiko for sykdom, funksjonsnedsettelse, psykiske og sosiale problemer» [...] «I mange tilfeller vil det være synergieffekter mellom tiltak på folkehelseområdet og tiltak på andre samfunnsområder, for eksempel i klimapolitikken, arbeidslivspolitikken og skolepolitikken» (Meld st. 19, 2014-2015).

Dersom ein meiner at folkehelse rammar inn profilområde tilstrekkeleg vil «Helsefremming» kunne være neste logiske nivå og som då vil kunne inkludere livsstil og fysisk aktivitet.

Til samanlikning så har Senter for omsorgsforskning Vest (SOF Vest) definert sine satsingsområde på fylgjande logiske nivå:

1. *Kommunale helse- og omsorgstjenester i en aldrende befolkning*
2. *Teknologi, helse og samfunn*
3. *Kreft og livskvalitet*
4. *Rehabilitering og helsefremming*

Fleire forskergrupper må kunne relatere tematisk til same overordna profilområde. Me meiner at prosjektgruppa må arbeide meir med korleis profilområda skal synleggjerast tematisk.

Helseomgrepet er tverrfagleg og må klargjerast. Det same gjeld omgrepet 'klinisk helse'. Slik som omgrepet blir presentert i rapporten så gir det ikkje retning. Omgrepet klinisk helse bør klargjerast eller eventuelt takast ut. Master i klinisk helse- og omsorgsvitskap er som tidlegare nemnt ei tverrprofesjonell masterutdanning som både rekrutterer godt, og har resultert i masteroppgåver innan alle dei profilelementa som er nemnde på side 9 i prosjektrapporten.

Rapporten saknar tydeleg overordna drøfting av kva relevans grupperinga i de fire profilområda i tabellen på side 8 har for samfunns-, kultur-, arbeids-, og næringsliv regionalt og nasjonalt.

I lys av at alle universitet og høgskular har krav om å setje eigne mål for verksemda som viser mål og utviklingsstrategi, er det fornuftig å peike mot pågåande arbeid med ph.d-søknad. Det er samtidig viktig å trekkje fram at endeleg profil til ph.d-søknaden i helsefag er under utarbeiding. Rapporten viser til at ein ph.d skal byggje på eksisterande sterke fagmiljø. Den må i tillegg ha tydelege koplingar til HVL si faglege plattform, profil og strategi. Av den grunn bør disse dokumenta gi tydelegare føringar som ivaretek nåtid, og som i ennå større grad viser retning for framtidige visjonar.

Tverrvitskaplege samanhengar mellom helse, velferd og dei tre andre profilområda bør kome tydelegare fram. Danning og pedagogikk (profilområde 2) og sikkerhet (profilområde 3) er aktuelle for helsefag, og bør stå som eigne tverrgående satsingsområde i tabellen på side 8.

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>Rapporten viser til at det skal setjas saman arbeidsgruppe som skal sjå på strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL. Me meiner at denne gruppa bør vere prosjektstyrt og godt forankra i leiinga på toppnivå og i aktuelle understrukturar. Arbeidsgruppa bør få eit klart mandat, arbeidet bør vere tidsavgrensa og det bør knytast øyremerka ressursar knytt til prosjektgjennomføringa.</p> <p>I prinsippet bør alle campus vere representert. Når det gjeld utdanningar som til dømes jordmor, som har regionssete i Bergen, ser me det som unaturleg at det skal diskuteras på alle campus per i dag. Samansetjinga av arbeidsgruppa bør vurderast og grunngjevast i kvart enkelt tilfelle.</p> <p>Leiing og fagleg organisering er enno ikkje avgjort. Difor blir det vanskeleg å gje tydelege føringar på korleis ein best kan sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart.</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
	<p>Visjonen har mange gode element. Samstundes er den for brei til å gi klar retning, og nytten av verdiane er for lite konkrete.</p> <p>Visjonen bør spegle samfunnsperspektiv, regionsperspektiv og arbeidsliv tydelegare.</p>
Andre merknader	<p>Kommenter ut frå egne behov</p>